



Kåre Hellem  
Leknesvegen 91  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3342 - 14/23517

Saksbehandlar:  
Nils Kaalaas  
NIK@lindas.kommune.no

Dato:  
20.10.2014

## Planting/forynging av skogen etter hogst

Dette brevet går ut til dei eigedomar der det er registrert hogst, utan at det er gjeve tilbakemelding om kva planar de som eigar har med arealet.

### **Plikt til forynging etter hogst.**

I følgje lov om skogbruk § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk kap. 3 (§§ 6 – 8) har du som skogeigar plikt til å gjennomføra dei nødvendige tiltak som sikkrar at arealet der det har gått føre seg hogst får ei tilfredsstillande forynging innan 3 år etter hogst.

### **Bakgrunn:**

Fylkesmannen i Hordaland har saman med Lindås kommune gått gjennom registrerte data i skogfondsystemet for hogst av gran og gått gjennom data over korvidt det er utført tiltak for å sikkra tilfredsstillande forynging.

Vi har ikkje registrert at det er utført tiltak for forynging etter den registrerte hogsten på din eigedom.

Forklaring på dette kan vera:

- Hogsten har vore tynning
- Arealet er tilrettelagd for naturleg forynging
- Arealet er omdisponert til andre føremål enn skogbruk
- Arealet er planta utan bruk av skogfond
- Andre alternativ som går fram av eigenmeldingskjema.

Vi ber deg om å gje ei tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert foryngingstiltak etter den registrerte hogsten. Ver vennleg å bruk det vedlagde eigenmeldingskjemaet til dette.

Vi ber deg å returnera eigenmeldingskjemaet innan 10. november 2014 til Lindås kommune ved Landbrukskontoret Rådhuset 5914 ISDALSTØ.

Om ikkje kommunen mottok eigenmeldingskjemaet vil forholdet verta fylgt opp etter skogbrukslova sine vedtekter om plikt til forynging.



**Utnytt skogfond og få skattefordelar**

Du kan finansiera planting med midlar frå det du kan ha innståande på skogfondkontoen din. Når du brukar av desse midlane får du ein betydelig skattefordel. Les meir på [WWW.skogfond.no](http://WWW.skogfond.no)

**Ønskjer du meir informasjon tek du kontakt med**

Underteikna eller skogeigarorganisasjon

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kåre Hellem  
Mona Nævdal  
Ole Johan Kvamsdal  
Turid Jordal  
Morten Tveit  
Marianne Feste  
Jan Erik Hope  
Marianne Leivestad

Leknesvegen 91 5915  
Skauvegen 383 5957  
Skauvegen 408 5957  
Grønålvegen 17 5936  
Reikeråsvegen 69 5913  
Lurevegen 739 5912  
Skauvegen 420 5957  
Vassbygdvegen 5912  
806

HJELMÅS  
MYKING  
MYKING  
MANGER  
EIKANGERVÅG  
SEIM  
MYKING  
SEIM